



Informasjon

Kompetansemål: utforske kulturminne og korleis menneska levde i den tida kulturminna er frå, og samanlikne med korleis vi lever i dag

Tidsbruk: 1-2 skuletimar

Trinn: Kan tilpassast alle trinn på barneskulen og barnehagar.

Materiell: Museet tar med kostymer og materiell til gjennomføring av leikane.

Fag: Gym og Historie.

Leik som ein viking

Sjølvaste Torstein av Heimnes (Hebnes), rådgjevar til Kong Håken Håkonsson kjem innom skulen med eit lass kler han har røva til seg frå ein gard. Han er forundra over måten barna leiker på i dag og vil visa fram skikkeleg gamle leiker frå si eigen barndomstid i år 1200.

Vinteren er på hell og sola skin, så no ynskjer han å gløyma tungsinnet og vinterkulda og varme seg med nokre valdsamme leiker ute.

Tørr du bli med?



Flyt

15 min - Torstein av Hemnes kjem og forteller om seg sjølv. Han er dårleg på namn, men har ein lek som gjer det lettare å huska.

45 min – Vikingleiker ute. Hovudsakeleg er det variantar av bryting, dyreløp, dragkamp, og leiker med naturen som hjelpemiddel. **Tidsbruk er 45 min, men ein kan fint halde på i oppimot 90 min om ein ynskjer. Avtal dette med pedagogen på forhånd.**

15 min – Refleksjonsoppgåve med fokus på å bevisstgjere elevane på korleis barn organiserte seg i dag og i vikingtida.